

VENELAGET OLAV H. HAUGE

Medlemshefte for Venelaget Olav H. Hauge, stifta 1999

Nr. 2

Desember 2011

I dette nummeret kan du lesa om følgjande:

Redaktøren har ordet	2
En sommerferie med Hauge i tankene	3
To flyktige møter med ein diktar	10
Eg las eit dikt	13
Mitt møte med den store dikteren	15
Helsing frå Olav H. Hauge-senteret	17
Gåsehudtonar frå Finnskogen	19
Hauge-seminar i Bergen torsdag 2. februar 2012 ..	21
Referat styremøte i Venelaget Olav H. Hauge	22
Vedtekter for Venelaget Olav H. Hauge	25



Redaktøren har ordet

Kjære lesere!

Forrige nummer hadde et noe internasjonalt sus over innholdet, skal dette nummeret sies å ha et tema – så må det være personlige møter. Personlige møter med Olav H. Hauge, og personlige møter med diktene hans. Jeg håper virkelig at å lese dette nummeret kan inspirere mange til å sende meg tekster om sine møter med dikt eller dikter.

Kanskje hadde det vært mulig med et fast innslag hvor et dikt av Olav H. Hauge ble presentert av en av dere lesere? Jeg regner med at mange av dere har et favorittdikt, fortell meg gjerne hvilket og litt om hvorfor akkurat det diktet berører dere.

I høst har det kommet flere bøker vi Hauge-venner kan ønske oss under treet. Brevboka har kommet i nytt opplag, det har kommet et utvalg, i ett bind, av dagbøkene og det har kommet en ny biografi; Carl-Göran Ekerwald: ”Det stora självporträttet: om Olav H. Hauge”. Alle tre er bøker som Hauge-fantaster bør ha i bokhylla.

Da gjenstår det bare å ønske dere alle god lesnad, god jul og et godt nytt år.

En sommerferie med Hauge i tankene

av Erica Weeda

I år var jeg så heldig at jeg kunne ta en lengre sommerferie i Norge – for første gang på mange år. Reisen førte til et dalføre på Vestlandet, mitt barndomsparadis, hvor det ligger mange gode minner fra de feriene jeg tilbrakte der i 1970 og -80-årene.

Jeg bodde hos venner som driver en (økologisk) gård, og fikk hjelpe til med bringebærplukking og annet gårdsarbeid. Det kjentes styrkende og avslappende på samme tid å være ute meste parten av dagen og gjøre kroppslig arbeid, for en som er vant til å jobbe med data hele dagen.

Sommeren 2011 var ikke bare en ofte overskyet, men etter de fryktelige hendelsene den 22. juli også en nokså overskygget periode. I tillegg hadde jeg en del personlige ting å bearbeide, så jeg nød den kontemplative stillheten under bærplukkingen, og brukte tiden til å filosofere litt om livets mening og veien videre, og jeg lot tankene vandre.

Dessuten var jeg blitt spurt om å skrive et bidrag til medlemsheftet – helst noe om 'Hauge i et internasjonalt perspektiv' - og mens jeg gikk rundt på bringebæråkeren og tygget på dette bidraget og hva det

skulle handle om, ble jeg bevisst at det surret mange diktregler fra
Olav H. Hauges poesi i hodet mitt.

På grunn av de lave temperaturene og mangel på solskinn, syntes en del av bringebæravlingen på en måte aldri å bli moden. Selv i slutten av august var det mye kart igjen og mange bær som bare var egnet til saft, og jeg kom til å tenke på diktet 'Grøne eple'.

GRØNE EPLE¹

Sumaren var kald og regnfull.

Epli vart grøne og flekka av skurv.

*Men eg plukkar og sorterar
og staplar kassane i kjellaren.*

Grøne eple er betre enn inkje.

Bygdi ligg på 61° breidd.

Min trofaste japanske akita Samurai, som ledsaget meg på turen, tok sin nye jobb som gårdshest på alvor – og jeg måtte bruke flere dager på å overbevise ham at å bjelle og knurre mot potensielle bringebærkunder ikke kunne betraktes som 'salgsfremmende tiltak'... For å si det med Hauges ord:

SYN OSS ÅKEREN DIN²

¹ Fra *Dropar i austavind*

² Fra *Seint rodnar skog i djuvet*

*Møt ikkje med:
gøyande hund,
hotande hand,
trakke ikkje i rugen!
Men syn oss åkeren din
ei morgonstund!*

Verten, og i dette tilfellet 'arbeidsgiveren', min er opprinnelig fra Nederland, nærmere bestemte provinsen Friesland, og vi snakket en blanding av nynorsk, bokmål, nederlandsksk og frisisk. En dag skulle vi sette opp et nytt elektrisk gjerde rundt et stykke innmark hvor Angus-kalvene skulle beite. Mens vi gjorde oss klare for å dra, ba vennen min meg ta med et bestemt redskap. Han brukte det frisiske ordet *slaei* som jeg ikke kjente, men etter å ha 'smakt' på ordet i noen sekunder, skjønte jeg at det måtte være *sleggja*, han mente. Takk, Olav H.!

SLEGGJA¹

*Eg er berre
ei sleggje.
Eg stend der no.
Eg lyt berre til
når det røyner på.*

Og det røynet på – jeg hadde nesten glemt hvor steinete norsk jord kan være!

En annen dag stod det litt skogsvedlikehold på programmet. Utstyrt med sag og sigd dro vil til skogs og mens jeg forsiktig kuttet vekk de store bregnene for å skaffe luft og lys til de små, nyplantede grantrærne, slik at de kunne få vokse seg store og sterke, syntes jeg – som det sentimentale bymenneske jeg er – på en måte synd på bregnene. Jeg trøstet meg med ordene fra diktet 'Ljåen', og tenkte at det sikkert lar seg overføre til sigd og bregner også.

LJÅEN¹

*Eg er so gamal
at eg held meg til ljå.

Stilt syng han i graset,
og tankane kan gå.

Det gjer ikkje vondt heller,
segjer graset,
å falla for ljå.*

Sent i august var solbærene modne, og mens jeg sto og plukket dem en dag, gikk tankene tilbake til sommeren 1989, da jeg var på besøk hos Olav og Bodil og plukket solbær sammen med 'diktguruen' min³.

³ Se Olav H. Hauge, *Dagbok 1924-1994*, Bind V, s. 438

Jeg funderte videre på mitt internasjonale perspektiv på Hauge, og kom fram til at jeg heller har et annet perspektiv når det gjelder diktningen hans: et personlig forhold. Det kjennes som et stort gode, at jeg, helt siden jeg var ung, har kunnet ta del i en annen kultur enn min egen, enn den jeg er vokst opp i – takket være mine norgesfrelste foreldre og senere hovedfaget i norsk språk og litteratur – slik at jeg ikke bare forstår Hauges lyrikk handler om, men også har kunnet tolke og oversette diktene til mitt morsmål.

Det er bortimot 30 år siden jeg ble kjent med Olav H. Hauges poesi, og etter å ha arbeidet med diktene i omtrent like mange år, er de blitt en del av meg, oppdaget jeg.

At gjendiktningene, samlet i antologien *Het blauwe land*, ble positivt mottatt her i Nederland også, og har kunnet inspirere folk i mange forskjellige situasjoner, og har bidratt til å skape nye kunstverk (dikt, malerier), har vel først og fremst å gjøre med temavalget: emnene fra nærmiljøet, bildene fra hverdagen, det personlige og allmenn-menneskelige som diktene gir uttrykk for, som tiltaler mennesker – ikke bare, i Norge, men overalt i verden, til tross for at deres ytre vilkår og omgivelser kanskje er annerledes enn Hauges.

Så, etter nesten fire uker i Norge, var tiden kommet for å reise hjem. Med tungt hjerte tok jeg etter en gang farvel med Vestlandet for å kjøre tilbake til 'asfaltjungelen', som vennen min kaller det.

Det ble en lang biltur gjennom Norge, Danmark og Tyskland – lang nok til gradvis å venne seg til et annet landskap, en annen rytme, tung trafikk, tettbebyggelse...

Klokka var mange, dat jeg til slutt kom hjem. Også i Nederland hadde det vært en regnfull sommer, hageplantene og ugresset viste seg å ha vokst betraktelig. Det var kanskje ikke fullt så ille at meldestokken kikket inn, men allikevel.

HEIME ATT⁴

Skjorene fyk or bislaget.

Kattane skvett um nævene.

Lykjelen ligg der eg la han.

Daude flugor i glaskarmane.

Kjelen kald og full av grut.

Iskuffa ein hard skalk.

Meldestokken kik inn glaset.

Og selv om det tok noen dager å 'lande', var det bare å akseptere at hverdagen hadde begynt igjen. Som så mange ganger før var det trøstende ord å finne i et Hauge-dikt, og litt etter litt kom erkjennelsen at det går an å leve i hverdagen også.

Heldigvis med et internasjonalt perspektiv: neste sommer skal det bli en Vestlandsferie igjen!

⁴ Fra *Spør vinden*

KVARDAG¹

Dei store stormane

har du attum deg.

Då spurde du ikkje

kvi du var til,

kvar du kom ifrå eller kvar du gjekk,

du berre var i stormen,

var i elden.

Men det gjeng an å leva

i kvardagen òg,

den grå stille dagen,

setja potetor, raka lauv

og bera ris,

det er so mangt å tenkja på her i verdi,

eit manneliv strekk ikkje til.

Etter strævet kan du steikja flesk

og lesa kinesiske vers.

Gamle Laertes skar klunger

og grov um fikentrei,

og let heltane slåst ved Troja.

To flyktige møter med ein diktar

av *Jan Gravdal*

Han kom ut i bislaget. Eg hadde banka på døra to gonger og stirra lenge på støvlane som eg rekna med var hans. "Jøss, er han så stor", tenkte eg. 46 i støvlar. Ja, ja, men så var det berre diktaren som ville ha litt ekstra plass til tjukke strikkasokkar på føtene når det blei kaldt. Han sa det der han plutselig sto i døra og etterpå sa han velkomen og me flirte litt av desse støvlane. Dei var blitt aldri so lite stormannsgalne.

Det var so mange lag av Olav H. Hauge og eg kjende nesten ingen av dei. Og dikta hans undra eg meg over, gjør det framleis. Men eg trur eg fattar meir no enn då. Det er meir enn orda, for meg er det ein trolldom i ein stemning ofte dikta setter meg i.

Eg prøvde meg på noko intellektuelt vrøvl, sa noko om eit par av dikta hans og då såg han på meg med desse augene Bodil Cappelen blei forelska i, og sa: "So e' da, da vette so du fær da te."

Sanninga er truleg rett og slett at Olav H. Hauge ikkje heilt trudde på all tolkinga av dikta. Han skreiv det han såg - og meinte at eg som lesar berre trengte kunnskapar. Mellom anna når har skreiv "at du skal vara deg når tussalusi lagar ljod" so veit ein harding at tussalusi lager ikkje ljod. Høyrer du likevel lyd er det deg sjøl det er noko gale med.

Det var andre eller tredje gong vi møttes. Eg sa det ikkje, men diktaren sa plutseleg at "me var i lag i Odda kino ein gong. Eg hugsar du leste noko sjøllagd som du hadde kalla "Sivilisasjonen". Eg prøvde å snakke om noko anna. "Sivilisasjonen" hadde vore det reine sprøyrt. "Det var morosamt, eg var redd det hadde vore noko heilt anna, noko langsamt og alvorleg som ville vara resten av kvelden", sa han og lo.

Han sa ikkje mykje om dikta sine. Han snakka heller om dette Astrup-bildet som han inne i stova. Om mange av unge lyrikarar sa han: "Dei vert lett ulest."

No 20 år etter, eller kanskje det er meir, eg hugsar ikkje heilt, forstår at fleire av Hauge sine dikt har meir å si for meg enn eg visste. Mest av alle dette: "Det er mange skjer i sjøen.

Likevel vart det
eit skjer
som vart frelsa di."

Det er akkurat slik det er.

Siste gang eg skulle møte Olav H. Hauge, på Utne, kom han ikkje. Han ville ikkje meir.

Eg las eit dikt

av *Jens Haugan, førsteamanuensis i norsk, Høgskolen i Hedmark*

Etter å ha studert musikk og tysk studerte eg nordisk ved universitetet i Trondheim for tjue år sidan, og der måtte vi lese mykje litteratur, blant anna også Olav H. Hauge. Til saman hadde vi vel 60-70 dikt på pensumlista, som skulle dekkje heile litteraturhistoria, frå norrøn tid og fram til moderne tid.

På den tida gjorde ikkje Olav H. Hauge noko spesielt inntrykk på meg. Eg valde i staden å skrive ei oppgåve om Halldis Moren Vesaas. Eg var elles meir interessert i språkdelen av studiet med grammatikk og gammalnorsk, og det var gammalnorsken eg tok med vidare til hovedfag og doktorgrad.

Ti år seinare hadde eg ein doktorgrad med ei avhandling om norrøn grammatikk, og etter alle desse åra med studium var det endeleg tid til å finne tilbake til musikken. For å få utløp for kreativiteten byrja eg å setje musikk til dikt av norske forfattarar. På den første heimesnekra CD-en blei det med seks tekstar av Olav H. Hauge: *Ventetime, Song til stormen, Seljefløyte, Fela, Beint fram og Til den lærde.*

På den andre innspelinga blei det berre med to tekstar av Olav H. Hauge, *Kor livet fell og Is-soleia*. Mens den tredje økta med

komposisjonar blei gjort med utgangspunkt i *Under bergfallet*.

Fjorten tekstar av Olav H. Hauge blei tonesette då.

Andre diktatar eg har tonesett, er bl.a. Olav Nygard, Olav Aukrust, Arne Garborg, Jakob Sande og Halldis Moren Vesaas, men det er nok Olav H. Hauge som har utfordra meg mest som tonesetjar. Eg ser gjerne på songane mine som barna mine. Dei er svært forskjellige, og dei blir fødde som dei er, med alle sine pene sider og mindre pene sider. Songane som blei fødde i møte med Olav H. Hauge, er gjerne meir spesielle enn andre songar eg har skrive (eller fødd).

Olav H. Hauge har eit eige språk, som i meg fødde ein eigen type musikk, kanskje den til og med er litt sær i nokre tilfelle. Olav H. Hauge leidde meg på ein veg; min veg, berre eg skulle gå han, og det var uråd å snu – ut i det ukjende – ut i det blå. Ja, eg tonesette ein god del dikt til Olav H. Hauge. Eg las dei, men skyna snart at eg las anns manns brev; at ordi var til ein og ingen andre. For Olav H. Hauge fanst det ikkje annan veg, han måtte skrive. Eg blei éin av dei fekk som orda hans; ein som las. Sidan orda hans smelta saman med melodiane mine, blei orda ein del av meg, musikken min og livet mitt.

Mitt møte med den store dikteren

av Anette Kure, bibliotekar, Høgskolen i Østfold

Sommeren 1992 var jeg ferdig utdannet bibliotekar. Jeg hadde vært kjempeheldig og fått min første faste jobb. Jeg skulle være biblioteksjef i Ulvik herad. Første juli var vi på plass og eventyret kunne bare begynne. Jeg ble tatt i mot på aller beste måte, og startet karrieren på et kontor over handelslaget, siden bibliotekets samlinger var pakket ned.

Nye biblioteklokaler var under ombygging og skulle åpne litt etter sommerferien. Under arbeidet med planleggingen av det nye biblioteket ble det naturlig nok også snakk om et åpningsarrangement. Kultursjefen sa i en bisetning: «Så kan du vel spørre Olav om han vil komme og lese litt?». Spørre Olav? Mente han dikteren, selveste Olav H. Hauge? Ja! Som den naturligste sak av verden. «Han bor rett der oppe,» sa han og pekte.

Ja, så skulle jeg altså reise innom på vei hjem fra jobb og spørre om dikteren, som var grunnen til min kjærighet til poesi, om han ville komme og lese noen dikt på nyåpningen av Ulvik folkebibliotek. Det var med bankende hjerte og klamme hender jeg parkerte bilen et stykke fra tunet og gikk inn mot det røde huset. Vel inne ved huset, men før jeg rakk å banke på, ble kjøkkeninduet slått opp og ut stakk Bodil Cappelen hodet: «Hei, er det deg?! Har du lyst på middag? Jeg steker pannekaker og eksperimenterer med ulike typer syltetøy». Og

før jeg visst ordet av det satt jeg på en stol og spiste nydelige pannekaker og snakket om mitt møte med Vestlandet og Ulvik.

Praten gikk lett, og nervøsitet og engstelse gikk over i ren glede over møtet med disse varme, rause menneskene, som viste oppriktig interesse også for en svært ung bibliotekars meninger og tanker. Vi snakket om bibliotek, om kunst, om litteratur, og om det å flytte. Mang en gang i løpet av kvelden måtte jeg nærmest klype meg i armen for å forsikre meg om jeg faktisk satt her og pratet med dikteren og hans kone.

Senere denne høsten ble Ulvik folkebibliotek gjenåpnet, med Olav H. Hauge som et naturlig høydepunkt, kanskje særlig for meg som aldri hadde hørt han lese før denne dagen. Det var en stor opplevelse å se hvordan han på en lavmålt, rolig og sterke måte tok tak i forsamlingen og fylte rommet med en kraftfull stemme og vakre, vakre dikt.

Jeg brukte tid på å bli enda bedre kjent med Hauges dikt denne vinteren. Livet i Ulvik var helt forskjellig fra det jeg kom fra i Østfold. Naturen var annerledes, og folkene også. Jeg stortrivdes i bygda, fikk en stor kontaktflate og opplevde ulvikingene som varme, åpne og imøtekommende. Så tiden i Ulvik er jeg veldig glad og takknemlig for å fått oppleve og som det aller gjeveste står dette første møtet med dikterhøvdingen!

Helsing frå Olav H. Hauge-senteret

*Av Mari Olafson Lundemo, dagleg leiar og Eirik Bergesen Dalen,
dokumentasjonsansvarleg*

**Her i Ulvik har me starta arbeidet med å bygge opp og utvikle
eit formidlings- og dokumentasjonssenter over Olav H. Hauge
sitt liv og virke, og for lyrikk i alle former. Me er allereie to
tilsette ved senteret, ein litteraturvitar og ein historikar.
Saman skal me skapa ein stad både for opplevingar og for
møte.**

Litteratur vert ofte oppfatta som ein einsam aktivitet, noko ein berre kan oppleva når ein er åleine med teksta. Men litteratur, anten det er lyrikk, romanar eller heilt andre typar tekst, kan i aller høgste grad opplevast saman med andre. Når fleire personar med ulikt utgangspunkt møter ein tekst, gjer det ofte ein ekstra dimensjon til dei orda ein står ovanfor. Å oppleva ein tekst saman med forskjellige menneske kan gje oss nye perspektiv, nye innsikter og nye tankar, og me vert betre kjend med dei menneska me opplever litteraturen saman med.

Det er også viktig å sjå kor mange ulike uttrykksformar som faktisk rommar stor litteratur, til dømes er songen og songteksten ofte gløymt i denne samanhengen. Det er nett i møta mellom menneske, tekst og idear at ein vert løfta og kjenner seg som ein del av noko større; ein fellesskap.

Det er ei stor oppgåve me no har tatt til med, og me har mange idear til kva Hauge-senteret skal bli og korleis det kan utviklast. For å hjelpa oss i arbeidet har me oppretta to rådgjevande organ; eit fagråd og ei utstillingsgruppe. Desse to gruppene består av menneske som på ulike område har kompetanse som kan vera til hjelp for oss når me skal diskutera Hauge og lyrikken generelt, og ikkje minst vil dei vera viktige når me skal utarbeide basisutstillinga, ulike arrangement og formidlingstilbod.

Trass i at me har fått i stand dette flotte nettverket av hjelparar veit me at det finns enno fleire gode idear der ute. Derfor oppmodar me alle til å ta kontakt om dei sit på ein god ide eller eit innspel til korleis Hauge-senteret kan utviklast eller kva det bør innehalde.

Ei anna viktig oppgåve for Hauge-senteret er å samla inn og registrera alt av materiale av og om Hauge. Særskilt gjeld dette dikt, brev og andre tekstar han har skrive, men også gjenstandar knytt til Hauge. Om nokon kjenner til slikt materiale høyrer me gjerne frå dykk, så me kan få registrert så mykje informasjon om materialet som mogleg.

Gåsehudtonar frå Finnskogen

av Johannes Bleie

**Der er kald novemberkveld , men det gjer slett ingen ting for
no er Sinikka Langeland her med dikt av Edith Södergran og
Olav H. Hauge på originalspråka svensk og norsk og med
engelsk omsetjing i teksthæftet på plata The Land That is Not
på ECM/GRAPPA. Platemeldarane rosar plata opp i skyene,
og det er fortent!**

Sinikka Langeland har røter på morssida frå finske Karelen, medan farsslekta kjem frå Sunnfjord. Ho er ein fin kulturbærar av musikken på Finnskogen som er hennar rike, og plata The Land That is Not viser at sann kulturytring er når ein nyttar gamle trdisjonar og samstundes fornyar og utviklar songskatten. Sinikka Langeland syng og spelar kantele, og medmusikantane m.a. Trond Seim, fylgjer henne varleg på musikkvegen så tankane går attende til store musikkopplevelingar på Poesifestivalen i Ulvik med desse kunstnarane. Olav H. Hauge er representert med dikta Elvi mumlar , Det er den draumen , Vår i fjellet og Seint gjeng sanningi upp. Me har dei siste åra fått mange vakre Hauge-tolkingar, og Sinikka Langeland gjer ære på diktaren. Olav H. Hauge skreiv i dagboka si om årets Nobelprisvinnar i litteratur : " Tomas Tranströmer kjem høgt." Det er berre å leggja til: " Sinikka Langeland kjem høgt."

"Olav H. Hauge/Geirr Tveitt 100 ÅR 2008 ", Bodil Cappelen og Robin Fulton har støtta dette tiltaket, og Sinikka Langeland har tonesett

fleire Hauge-dikt! Kom med dei. Den som ikkje får med seg denne plata gjer ein stor feil.

Hauge-seminar i Bergen torsdag 2. februar 2012

Torsdag 2. februar 2012 kl. 9.30 - 15.30 skipar FAU norsk (Fagleg Utval norsk) Hordaland og Høgskolen i Bergen til seminar om den fleirfaglege Hauge. Staden er Fylkesbygget, Bergen. Dette seminaret vil få fram den fleirfaglege Hauge. Kjernen vil vera utvalde tekstar frå Hauge sin produksjon. Tekstane skal tolkast gjennom ulike typar perfomativt arbeid og studiar av slikt arbeid som opplesing, musikk, biletskaping, biletbokproduksjon. Seminaret sin grunntanke er som på Venelagsseminaret i 2010 å få fram tekstane sitt didaktiske potensiale gjennom ulike performative tilnærmingar.

Seminaret er tenkt tredelt:

- eit kort perfomativt innslag
- arbeid i verkstad - deltakarane vert fordelt på arbeidsgrupper med musikk , opplesning , biletskaping og litteratur som tema.
- plenumsøkt med refleksjonar og teoretiske perspektiv på det performative/didaktiske.

Målgruppe er lærarar i Hordaland , men alle Venelagsmedlemer er velkome til å søkja om å koma med på seminaret . Ingen deltakaravgift.

Kontakt Svein Ove Duesund, Pb. 66, 5604 Øystese
eller svedue@hfk.no. Meir informasjon kjem på
www.venelagethauge.no på gjestebok i januar.

Referat styremøte i Venelaget Olav H. Hauge

Tilstades: Unni Solem, Tone Tveit, Johs. Bleie, Torbjørg Austrud (referent)

Forfall: Stephen Walton. Vara Svein Ove Duesund møtte ikkje.

Tid: Laurdag 17. september kl 17.30 - 2000

Stad: Ulvik Turistkontor.

Saksliste:

1. Godkjenning av innkalling og sakliste- ok.
2. Referat frå sist styremøte 11.mai 2011, vart godkjent.

3. Samarbeid med Haugesenteret

Mari Olafsen Lundemo møtte for å informere om Hauge-senteret sitt arbeid og få info om Venelaget. Vi drøfta mogleg samarbeid - korleis kan Venelaget stø opp om arbeidet til senteret.

19.nov. Konsert på Heradstyresalen med TamGlen, arrangør Hauge-senteret. Desembermøte (10. el 17.des) med ein svensk forfattar, Karl Gjoran Ekewald, som har gitt ut biografi om Hauge. Ynskjeleg med ei idésamling i heradstyresalen etterpå der medlemmer av Venelaget kan koma med innspel til kva forventningar vi har til Haugesenteret.

Mogleg arr i oktober med Erling Lægreid som skal på lanseringsturné med ny bok. Avventer avklaring med Samlaget.

Haugesenteret og Venelaget ynskejr å samarbeide om arrangement framover.

4. Ung Poesi - ny lyrikk/poesipris.

Tidlegare arbeid med å få Haugesenteret til å vera delaktig i å oppretta ein ny poesi/lyrikk-pris vert lagt litt på is. Vi held derfor fram som tidlegare i samarbeid med Hordaland fylkeskommune og Ulvik poesifestival. Torbjørg kontaktar Espen og Poesifestivalen om Ung Poesi, korleis er framdrifta med utlysing tenkt for utdeling av pris under Festivalen i 2012? Kven peikar ut jury?

5. Neste Seminar

Seminaret frå Poesifestivalen 2010 *Den fleirfaglege Hauge* vert arrangert på nytt den 2.2.2011 på Fylkeshuset i Bergen. Fagutvalet (FAU) for norsk i Hordaland (for vidaregåande skular, leiar Astrid Jåstad) og HiB er arrangør.

Alternativ 1:

Kan vi repetere dette på nytt under neste festival? Mogelg å få til eit liknande opplegg i samarbeid med HiB om nye forfattarar og andre tekstar. Aslaug Nyrnes er interessert i dette. Viktig å synleggjera at Poesifestivalen ikkje berre handlar om Olav H. Hauge. Seminaret bør uansett flyttast til programmet på fredag (sjølv om det vert i konkurranse med andre programpostar) då det truleg vert vanskeleg å få deltakrarar (målgruppa er i hovudsak lærarar) til torsdag.

Alternativ 2:

Utifrå tema for neste års festival ("Forvandling"), ville omsetjing vera eit tema midt i blinken for seminaret. Me utfordrar Øystein Hide til å ta ansvar for program. Målgruppe: Passer godt for lærarar og formidlarar, omsetjarar, forfattarar, men høver og for andre som bruker språk i arbeidet sitt.

Torbjørg tek kontakt med Øystein om omsetjarseminar før vi gjev tilbakemelding til Aslaug Nyrnes og HiB.

5. Å gjera Venelaget kjend

– bruk og utvikling av heimesida. Vidare arbeid med flygebladet.

Tone prøver å laga eit elektronisk oppsett av brosjyra som Johs har laga i "klypp og lim". Mykje ligg på heimesida vår.

Unni har skrive tysk og nederlandske tekster inn i Word-format, men det trengst korrektur. Den tyske teksten er henta frå forordet i boka til Claus Anders (Hauge i tysk omsetjing). Nederlandsk tekst er frå boka til Erica Weeda. Engelsk tekst ligg på sida til Hauge-senteret (forfattar er Idar Stegane, omsett av Dag Gjerde)

6. Neste venelagshefte.

Aktuelt i neste utgåve:

Johs har bode Idar Stegane om å skrive eit innlegg, likeså journalist Jan Gravdal i Odda. Mari O Lundemo skriv litt om Haugesenteret i Ulvik og sender til Stefan Sture.

Referat frå styremøta i mai og september.

Om jolegåveidear: Nye bøker som er komne; brevvekslinga mellom Bodil og Olav H., ny biografi (Ekewald), dagbøkene i eitt bind., fleire? (Johs tek denne oppgåva, sender eit notat til Stefan S).

Unni kontakter Stefan for nærmare avtale om dato for utgjeving og trykking.

7. Ymse.

Neste møte er sett til tysdag 24.1.12 kl 1800-2100 i Bergen, hos Johs på Tanks v g.

Ulvik, 17.9.2012

Torbjørg Austrud

Vedtekter for Venelaget Olav H. Hauge

Vedtekten vart samrøystes vedtekne på skipingsmøtet 21. august 1999 på Elvatun i Ulvik.

1. Namnet på laget er "Venelaget Olav H. Hauge".
2. Føremålet med laget er å fremja interessa for Olav H. Hauge si dikting.
3. Medlemmar av laget greier ut medlemspengar, som vert fastsette på årsmøtet.
4. Venelaget skal gje ut medlemsblad.
5. Venelaget skal ha medlem i styret for eit museum knytt til diktarheimen til forfattaren på Rossvoll, og ein medlem for dei kommunale

poesidagane. Det skal veljast varafolk for desse to.

6. Venelaget skal ha styre med leiar, nestleiar, kasserar, skrivar og styremedlem. Det skal veljast to varafolk. Leiaren er på val ved kvart årsmøte, medan dei andre i styret og på varalista går skiftesvis ut, slik at styremedlem, skrivar og ein av varafolka på skipingsmøtet vert valde for ein bolk.

7. Årsmøtet vert halde i samband med "Poesidagane i Ulvik", annakvart år. Årsmøtet skal kunngjerast minst ein månad på førehand. Det skal ta føre seg årsmelding og rekneskap, og elles planlegging for komande arbeidsbolt. Årsmøtet vel òg valnemnd og ettersyn. Vala er for to år.

8. Omframt årsmøte vert halde når styret eller 1/5 av medlemane krev det.

9. Endringar av vedtekten eller eit krav om opplysing av venelaget kan berre gjerast på vanleg eller omframt årsmøte. Då krevst det at 2/3 av dei frammøtte er samde om det. Om det kjem vedtak om opplysing, skal midlar og verdiar gå til museet, som ber namnet til Olav H. Hauge.

Svarde krossar
i Kvile sujo
listet i regnet grønne

STYRET OG ADRESSER

På årsmøtet på Rossvoll laurdag 18. september 2010, vart dette styret valt:

- Styreleiar: Unni Solem, Ulvik
- Styremedlem: Tone Tveit, Kvam (Venelaget sin representant i Olav H. Hauge-stiftinga)
- Styremedlem: Torbjørg Austrud, Ulvik (Venelaget sin representant i Ulvik Festivalutvikling)
- Styremedlem: Johannes P. Bleie, Bergen
- Styremedlem: Stephen J. Walton, Volda

Varafolk:

- Svein Ove Duesund
- Stefan Andreas Sture (ansvarleg for Venelagsheftet og nettsidene)

Kontakt oss på desse adressene:

E-post: post@venelagethauge.no
Adresse: Venelaget Olav H. Hauge v/Unni Solem
Postboks 5, 5731 Ulvik
Telefon og SMS: 916 95 164

Redaktør for medlemsheftet

Stefan Andreas Sture • E-post: steastu@mac.com
Adresse: Bråtebakken 5, 1727 Sarpsborg • Telefon og SMS: 928 54 647

Tusindar do kuka var.
Olav H. Hauge